



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3225 - 19/14217

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.05.2019

Mellombels bruksløyve einebustad - gbnr 172/200 Hopland

Administrativt vedtak. Saknr: 272/19

Tiltakshavar: Seim Eiendomsutvikling AS

Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 22.11.18.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Løyve – Avkjørsel –Fv 402 for regplan Sjøvold og Nilshøyen i Lindås kommune – overtaking av Statens vegvesen medio mai 2019.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: Einebustad på eigedom gbnr. 172/200.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 07.06.19

Det vert elles vist til søknad motteken 24.04.19 og telefonisk kontakt med ansvarleg søkjar 08.05.19.

Per telefon vert det opplyst at rekkfølgekrav knytt til leikeplass f_FL1, fortau F1 og veg fram til avkjørsle er oppfylt.

Teknisk drift ved Vegavdelinga har i epost datert 24.04.19 gjort greie for status for kryssløysing mot Fv402: *(...)Teknisk løysing for krysset, fortau og tilrettelagt overgang er utarbeida og ferdig i samsvar med godkjende planar. Veg og fortau er asfaltert og skilt har komme opp. Det som gjenstår i sjølve krysset er vegmerking langs køyrebana.*

Før Lindås kommune kan ha ei formell overtaking med Statens vegvesen er det mindre arbeid/finpuss for å få heilheit på totalen som gjenstår. Opprydding, flytte tilbake postkassestativ og ferdigstille gjerde på topp av mur mot 3-mannsbustaden langs fv402. Planen er at restarbeidet skal vere klart medio mai.(...)



VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Fuglevikvegen 27
Bygningstiltak:	Einebustad
Bygningsnummer:	300723744
Bruksareal:	195,2 m ²
Vatn- og avløp:	Offentleg

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for einebustad på gbnr. 172/200 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: heile tiltaket.
2. Statens vegvesen si endeleg godkjenning av kryssløysing med fv 402 skal liggje føre ved søknad om ferdigattest.
3. Ferdigattest skal liggje føre innan 07.06.19.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/3225

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
Seim Eiendomsutvikling AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
Seim Eiendomsutvikling AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM

Mottakarar:

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
--------------	--------------	------	------